



Arkivnr: 2017/709-4

Saksbehandlar: Elnaz Golshany

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.05.2017
Fylkesutvalet		23.05.2017

Søknad om løyve til 3 små vasskraftverk i Odda kommune. Fråsegn

Samandrag

NVE har send på høyring søknad om bygging av 3 småkraftverk i Voss kommune. Søknadene skal handsamast samtidig, og samla belastning for området skal vurderast. NVE ønskjer at høyringsinstansane vurderer kvar sak for seg, men òg alle sakene samla. Fylkesrådmannen rår frå utbygging av alle tre kraftverk.

Tokaheimselva kraftverk vil liggje i eit landskap med stor verdi og definerast som sårbart høg fjellsområde. Kraftverket vil først og fremst vera i konflikt med landskapsverdiane, friluftsliv og reiseliv. Vassdraget er allereie rørt med overføring av vatn til Boliden AS. En ytterligare reduksjon i vassføringa, vil redusera vassføringa slik at det ikkje vil vera høg nok til å ivareta den heilskapelege landskapsopplevinga som elva er ein del av. I tillegg er datagrunnlaget for vurdering av kulturminne og miljø, ufullstendig og med omsyn til potensial for funn av automatisk freda kulturminne, vil det bli stilt krav om ei synfaring for å avklare potensialet for konflikt. Influensområdet har òg raudlisteartar og viktig naturtype, som må takast ekstra omsyn til. I samsvar med retningsliene i Fylkesplan for små vasskraftverk i Hordaland, vil difor fylkesrådmannen rå frå konsesjon.

Konfliktar i samband med utbygging av Øvre- og Nedre Seljestadelva kraftverk er knytt til manglande dokumentasjon og visualisering av landskapsvurderinga. I tillegg er den biologiske kartlegginga og verddivurderinga noko mangelfull. Etersom vurderinga av konsekvens bygger på vurderingane av verdi og omfang, vil utfallet av konsekvensen også koma feil ut. Til trass for at dei biologiske vurderingane i søknaden ikkje blei vurdert til å være meir enn ubetydeleg eller liten negativ konsekvens, er det viktig å gjera oppmerksom på at vernet ikkje er avhengig av dei biologiske verdiane. Den primære målsettinga for vern av områder som Opovassdraget, er bevaring av grunnlaget for eit aktivt friluftsliv utan nemneverdig skade på natur- og kulturminneverdiar utan at det trengjer å vera spesielle botaniske, zoologiske, geologiske eller kulturhistoriske førekomstar i eller ved vasstrengen eller andre stadar i nedbørsfeltet. Det same gjeld og for landskap og friluftsliv. Basert på disse punkta, rår fylkesrådmannen frå konsesjon til Øvre Seljestad kraftverk.

Framlegg til innstilling

Tokheimselva kraftverk

1. Av omsyn til landskaps-, friluft- og reiselivsverdiane rår Hordaland fylkeskommune frå utbygging av Tokheimselva.
2. Influensområdet manglar tilstrekkeleg nok datagrunnlag. I forkant av en eventuell utbygging, skal difor planområder synfarast av fylkeskonservatoren for lokale tilpassingar til kulturminneverdiane.
3. Ved ein eventuell kraftutbygging, må det tas spesiell omsyn til raudlisteartar og viktig naturtypar.

Øvre- og Nedre Seljestadelva kraftverk

4. Influensområdet er etter fylkeskommunens syn, ikkje kartlagt tilstrekkeleg og verdivurderinga er noko mangelfull. Dette gjelder spesielt for landskapet og dei biologiske verdiane. Søknaden slik den ligg føre, er ikkje i samsvar med Fylkesdelplan for små vasskraftverk og § 8 i naturmangfoldlova.
5. Gamlevegen til Skare ved p400, er eit lokalt verneverdig kulturminne. Slik det er vist på kart i søknaden, vil røyrsgata krysse denne vegen. Fylkeskommunen meiner difor at det er viktig at anlegget finn løysningar som ikkje skjemmer eller skader dette anlegget.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.04.2017

1. Innleiing

NVE har med frist 28.04.2017 send på høyring søknad om løyve til å byggja 3 småkraftverk i Odda kommune. Fylkeskommunen har fått innvilga fristen om utsetjing av svar til 5. mai, grunna politisk handsaming av saka. Søknadene skal handsamast samstundes og samla belasting for området skal vurderast. NVE ber høyringsinstansane om å vurdere kvar sak for seg, men også gjere ei samla vurdering dersom det er aktuelt. Søkjar er Småkraft AS.

De 3 sakane i Oddapakka er:

Søknad	Søker	GWh	MW	Kommentar
Øvre Seljestad kraftverk	Småkraft AS	6,7	0,99	Verna vassdrag
Nedre Seljestad kraftverk	Småkraft AS	6,1	0,99	Verna vassdrag
Tokaheimselva kraftverk	Småkraft AS	26,5	9,07	-----




Fig. 1 Oversynskart over kraftutbygging i influensområdet, Odda kommune. Dei tre kraftverka det er søka om i Oddapakken, er markerte med raud prikk på grøn bakgrunn, jf. vassdragsatlas.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for klima- og naturressursar og kulturminnevern. I vurdering av prosjekta i høve til regionale omsyn, har vi nytta Klimaplan for Hordaland 2014-2030, Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke¹ og Område for friluftsliv². Det er vidare referert til verdikart og retningsliner i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland og naturmangfaldlova.

Klimaplan for Hordaland slår fast følgjande overordna mål og strategiar for energiproduksjon og -distribusjon:

Hordaland skal produsera og distribuera energi for å auka andelen og mangfaldet av fornybar energi, jf. s.21.

Vera ein føregangsregion i produksjon av fornybar energi, jf. s. 29, strategi B.

Energiproduksjon må skje med minst mogeleg arealkonflikt, og med omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar, jf. s. 29, strategi B pkt. 4. jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.

2. Søknadene

Fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009-2021 har ei nærare omtale av 14 delområde med stort potensiale for utbygging. I denne saka ligg eit av kraftverka i Sørfjorden delområde. Dei resterande 2 kraftverka ligg i område med særskilt vern, nærare bestemt det verna Opovassdraget, og er difor ikkje omfatta av inndelinga i delområdet. I verna område er det verneførssegnene styrande for kva inngrep som vert akseptert, jf. retningsline R2 i fylkesdelplanen.

2.1. Sørfjorden delområde

I fylkesdelplanen er området omtalt slik:

Sørfjorden delområde har stort potensial for småkraft. Området høyrer til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Konesjonssøknader i dette området må ha god visualisering av inngrep frå sentrale utsiktspunkt. Utbyggingsprosjekt må ta vare på landskapskarakteren med god vassføring i eksponerte fossar og vassdrag, og god landskapstilpassing av tekniske inngrep. Ein må vere merksam på at omfang av villmark i verna område kan bli redusert som følge av utbygging i randsona til større inngrepsfrie område. Området har oppgangssoner både til Folgefonna nasjonalpark og Hardangervidda nasjonalpark, og ut frå at vassdragsnaturen i delar av området er sterkt påverka av store vasskraftutbyggingar vert det viktig å vurdere sumverknad for området ved nye prosjekt.

¹ Aurland naturverkstad, 2011. På oppdrag frå Hordaland fylkeskommune

² Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område for friluftsliv i Hordaland. Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland, 2008.

A. Tokaheimselva kraftverk

Innleiing

Småkraft AS ynskje å nytte vassfallet i Tokheimselva i Odda kommune, mellom kote 540 moh. og 5 moh. Kraftverket vil nytte eit nedbørsfelt på totalt 8,38 km², derav 4,80 km² har tilsig til det regulerte vatnet Blåvatn. Det planleggast ingen ytterligere regulering av Blåvatn og dagens regulering av Blåvatn vil bli kjørt uavhengig av kraftverket.



Fig. 2 Oversikt over tiltaksområdet innringa med rød sirkel, jf. vassdragsatlas.

Prosjektskildring

Tokaheimselva kraftverk vil nytte vassfallet på 400/535 m i Tokheimselva frå inntaket på 540 moh. til ein kraftstasjon på 135 moh ved Tokaheimsdammen og ein kraftstasjon på 5 moh ved elva (alternativt ved elva på kote 40 moh.). Vassvegen vil vera 1600 m røyrgate som er gravd ned. Middelvassføringa er 0,88 m³/s, og kraftverket er planlagt med ein samla maksimal slukeevne på 2,3 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på totalt 9,07 MW og gjev ei årleg produksjon på totalt 26,5 GWh. Utbygginga vil føra til ei redusert vassføring på omlag 2350 m lang strekning av Tokheimselva. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 50 l/s i perioden 1.05-30.06, 275 l/s i perioden 1.07-30.09 og 15 l/s resten av året, dvs. 01.10-30.04. Kraftverka er planlagt kopla til 12 kV nett via transformatoriosk ved «Egne Hjem». Kabel (TSLF 240) vil leggjast i vassveggrøft og vegskulder. Lengd på grøft langs vegskulder vil verta omlag 150 m lang. Transformering til 12 kV vil skje i K2, og mellom K1 og K2 vil der leggjast 6kV kabel i grøft, jf. fig. 3 og 4.

Berre det alternativet det har vore søkt om, har vorte vurdert, dvs. eit alternativt inntak på kote 640 m.m. er ikkje blitt vurdert.

Pris på utbygginga er sett til 2,60 kr/kWh.




Fig. 3 Oversikt over tiltenkte installasjonar m.m., Tokheim kraftverk.

Verknad for natur og samfunn

Konsekvensutgreiinga er gjort av Rådgivende Biologer AS, jf. rapport nr. 2334 utført i tidsrommet 2011-2016. Undersøkinga frå 2011 vart oppdatert etter ny raudliste som kom i 2015.

Landskap

Influensområdet ligg i eit fjordlandskap med djupskårne fjordar, bratte fjell med islett av kulturlandskap og vert sett på som unikt i nasjonal målestokk. Heile nedbørsfeltet ligger over tregrensa og fell inn i høg fjellsområda.

Tiltaks- og influensområdet kan delast i to landsrom:

Nedre landskapsrom består av bustaden Tokheim med tett busetnad, noe kulturlandskap og riksveg 550 langs fjorden.

Øvre landskapsrom, som startar ved ca. 90 moh., er den bratte skogkledd lia vest for Tokheim, som endar i Tokheimsskardet.

Ifølge tiltakshavar er Tokheimselva eit middels markert landskapselement på aktuell strekning, som er mest synleg i den øvre del der elva renn over eit stort sva (Stølaberget), jf. fig. 5 og 6. Sjølv om landskapet er unikt i nasjonal samanheng, vert landskapet vurdert å ha *middels til stor* verdi sett i tilhøve til andre delar av Sør fjorden meiner tiltakshavar at influensområdet er meir rørt av teknisk inngrep.



Fig. 5 Tokheimselva sett frå Rv 13, foto: Google Maps (2017)



Fig. 6 Tokheimselva sett frå Rv 550, foto: Google Maps (2009)

Tiltakshavar vurderer verknaden av tiltaket til *middels negativ* på landskapet (står middels til stor i samandraget i konsesjonssøknaden, jf. tabell på s.3). Dette kjem av at de tekniske inngrepa vil verta synlege i det store landskapsbiletet, bl.a. pga. tett skog og bratte fjell. Konsekvensen av tiltaket er satt til *middels negativ*.

Tiltaket ligg ikkje i inngrepsfrie naturområde (INON), jf. Miljødirektoratets INONkart.

Biologisk mangfald

Det har vore funne fleire raudlista fugleartar med status nær truga i influensområdet, jf. tabell 1, samt ask (VU) og alm (VU). Av artar på Bern liste II, finst linerle og fossefall. I tillegg har havørn vore observert. Verdivurderinga, verknad og konsekvens av tiltaket er sett til *middels, liten negativ* og *liten negativ* konsekvens.

Som eit avbøtande tiltak for fossekallen, der redusert vassføring kan få konsekvensar for deira reirbygging, vert det føreslege reirkassar i fossar som får vatnet ført ifrå. Søkjer meiner at den føreslåtte minstevassføringa i sommarsesongen vil, saman med noko restvassføring, avbøte for den negative verknaden av redusert vassføring på fossesprøytonene.

Tabell 1 Førekost av raudlisteartar i influensområdet. RB = Rådgivende Biologer

Rødlsteart	Rødlstestatus	Funnsted	Kilde
Svartand	NT	Reinene, Tokheim	Artskart
Fiskemåke	NT	Reinene	Artskart
Stær	NT	Reinene, Tokheim	Artskart
Gulspurv	NT	Reinene, Tokheim	Artskart
Fjellrype	NT	Reinene	Artskart
Hønehauk	NT	Reinene, Tokheim	Artskart
Taksvale	NT	Reinene	Artskart
Sothøne	VU	Egne hjem	Artskart
Jøkulstarr	VU	Tokheimskardet	Artskart
Ask	VU	Vest for Tveitane	Befaring RB
Alm	VU	Vest for Tveitane	Befaring RB

For det terrestriske miljøet er det funne rik edellauvskog med B-verdi, bjørkeskog med høgstauder og tre fossesprøytonar med C-verdi i tiltaksområdet. Vurderinga er sett til *middels* verdi og *middels negativ* verknad med *middels negativ* konsekvens.

Fisk / ferskvatnressursar

Elveløpet (NT)³ har ein redusert tilstand (bl.a. vassreduksjon) og har vorte definert som lite eigna som leve- og oppvekstområde for fisk frå Sørfjorden og dermed vurdert som liten til *middels* i verdi. Verknaden er sett til *middels negativ* og *liten negativ* konsekvens.

Kulturminne

Databasen *kulturminnesøk* viser eitt freda kulturminne i influensområdet, ei gravrøys ved Egne Hjem som vart grave opp i 1910 og som ikkje blei funne ved kontroll i 2007. Elles finnes det ein god del SEFRAK⁴-bygningar i tiltaksområdet. Verknaden er sett til *stor negativ til middels negativ* og *middels negativ* konsekvens.

Det vurderast å vere potensiale for ytterligare funn av kulturminne i tiltaksområdet og basert på kjend kunnskap, vurderast temaet kulturminne og kulturmiljø å ha *middels* verdi.

Samfunns og brukarinteresser

I influensområdet eksisterer ein tursti kalla «Turistvegen», som går opp på høgjellet og inn på Folgefonna til Holmaskjærbu langs sørsida av elva, med utgangspunkt frå Tveite (båthamna), jf. fig. 7. Her finst parkeringsplass og informasjonskilt. Stien vert kalla Turistvegen fordi den opphavleg blei til for turistar av DNT under Odda si stordomstid, som reisemål på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. Stien går relativt nær elva fleire stader, men kryssar ikkje elva før ovanfor planlagt inntak. Buksefoss og fossen ved Tokheimsskardet har opplevingsverdi for turgåarar. Turistvegen er rørt av inngrep som bl.a. vassinntak, vassmagasin, kabeltrasee, m.m.

Brukarinteressene er sett til *stor* verdi, *liten til middels negativ* verknad og *middels negativ* konsekvens.

³ Omfattar førekostar av rennande ferskvatn med høg vassgjennomstrøyming og kort opphaldstid, biologisk karakterisert ved mangel på ein fullstendig næringskjede som inneheld krepsdyrplankton, jf. naturtypebasen.

⁴ Eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminner i Norge. Namnet er ei forkorting for *SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminner*, som var namnet på den institusjonen som byrja arbeidet med registeret, jf. Riksantikaren si heimeside



Fig. 7 Kart som viser turløype for Turistvegen, jf. DNT-kart, ut.no

Tabell 2 Tematisk vurdering, jf. søknad

Tema	Verdi			Virkning				Konsekvens	
	Liten	Middels	Stor	Stor neg.	Middels	Liten / ingen	Middels		Stor pos.
Rødlistearter	-----	▲	-----	-----	▲	-----	-----	-----	Liten negativ (-)
Terrestrisk miljø	-----	▲	-----	-----	▲	-----	-----	-----	Middels negativ (-)
Akvatisk miljø	-----	▲	-----	-----	▲	-----	-----	-----	Liten negativ (-)
Verneplan for vassdrag/ nasjonale laksevassdrag ▲	-----	▲	-----	-----	▲	-----	-----	-----	Ubetydelig (0)
Inngrepsfrie natur- områder	-----	▲	-----	-----	▲	-----	-----	-----	Ubetydelig (0)
Landskap	-----	▲	-----	-----	▲	-----	-----	-----	Middels negativ (-)
Kulturminner og kulturmiljø	-----	▲	-----	-----	▲	-----	-----	-----	Middels negativ (-)
Jord- og skogressurser	-----	▲	-----	-----	▲	-----	-----	-----	Ubetydelig (0)
Ferskvannsressurser	-----	▲	-----	-----	▲	-----	-----	-----	Liten negativ (-)
Brukerinteresser	-----	▲	-----	-----	▲	-----	-----	-----	Middels negativ (-)
Reindrift	-----	▲	-----	-----	▲	-----	-----	-----	Ubetydelig (0)

Fylkesrådmannen si vurdering

Landskap

Influensområdet ligg i landskapsregionen 23 *Indre bygder på Vestlandet* og karakteriserast som et område med stor verdi⁵, jf. verddivurdering av landskap i Hordaland.

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland ligg tiltaks- og influensområdet i delområdet *Sørfjorden*. Store deler av området ligg over tregrensa og er karakterisert som sårbart høg fjell av stor verdi⁶. I tillegg er fjordlandskapet av nasjonal stor verdi⁷.

⁵ Landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng, jf. NIBIO.

⁶ Høg fjellsonnåra av stor nasjonal og regional betydning for allmenta sine bruk og oppleving, jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021

⁷ Fjordlandskap av regional, nasjonal eller internasjonal betydning (...). Fjordlandskap som står frem som urørte og intakte (...), jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021

Vurderingane av landskapet er basert på godt datagrunnlag, jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland.

Buer landskapsvernområde (vernet i 2005) grenser i nærleiken av det tiltenkte inntaket og er eit av fire landskapsvernområde knytte til Folgefonna nasjonalpark. Det ligg på austsida av fonna, vest for Odda, og omfattar delar av Buerdalen og fjellområda rundt. Buerbreen er ein av dei lettast tilgjengelege brearmene på Folgefonna. Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde med *store* opplevingskvalitetar knytte til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet, å sikre viktige geologiske førekomstar og biologisk mangfald, verdfull vassdragsnatur og å verne om verdfulle kulturlandskap og kulturminne, jf. verneforskrift for Buer landskapsvernområde.

Det bør stilles strengare krav og større fokus på avbøtande tiltak for områder som kommer i randsonen til områder av stor verdi og/eller sterke allmenne interesser.

Redusert vassføring og de tekniske inngrepa vil ha en innverknad på opplevingsverdien både for turgåande i nærleiken, men og ha en negativ innverknad på det landskapsinntrykket og estetikken i landskapet, jf. fig. 5 og 6.

Tiltaket fører ikkje til bortfall av inngrepsfrie naturområder (INON).




Fig. 8 Inntaket til vasskraftverket (ringa inn) ligg tett inntil Buer landskapsvernområde (lyse grøn), jf. miljøstatus.

Biologisk mangfald og fisk

Sjå under *verknad for natur og samfunn*, jf. s.6.

I verdikart for biologisk mangfald i Fylkesdelplan for små vasskraftverk er det ikkje registrert naturtypar og artar av større verdi. Data- og kunnskapsgrunnlaget for biologisk mangfald knytt til vassdrag er generelt mangelfullt, jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland. Ifølge naturmangfaldlova § 9, skal det tas sikte på å unngå mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet, når det treffast ein avgjersle utan at det ligg tilstrekkeleg kunnskap om kva verknadar den kan ha for naturmiljøet. Dersom det føreligg ein risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap brukast som grunngeving for å utsette eller unnlata å treffe forvaltningstiltak.

Det er viktig at det sikrast ein tilstrekkeleg vassføring slik at spesielt utsette artar og naturtypar, som er ekstra sårbare dersom vassføringa reduseras ivaretakast, men og for å sikra opplevingsverdien i området. Det er

og viktig å ivareta mangfaldet av naturtypar og arter i deira naturlege utbreiingsområdar, *uansett* status de måtte ha, så langt det oppfattas som rimeleg.

Kulturminne

På garden Tokheim er det informasjon om fleire no fjerna automatisk freda kulturminne. Dei fleste av desse låg i område som i dag er veg og bustadforemål. I 1999 vart det registrert fleire automatisk freda kulturminne oppe i Støladalen ein vel 800 moh. Tiltaket ligg i dag i eit område femna av kulturlandskap av nasjonal interesse, Indre Sørfjorden, kraft- og industrilandskap, Askeladden-ID K422;

«Landskapet der dalen møter fjorden er trongt mellom høge fjell, der høgtliggjande vatnsystem ligg i fjelldalane ovafor. Fjorden er isfri, og elva Opo renn ut i fjordbotnen der strandstaden Odda ligg. Her var ein naturleg ferdselsveg sørover til pilegrimsmålet Røldal. Kyrkja på Almerket, nede ved fjorden, er frå 1870, men her har vore kyrkje sidan 1250. Ho er eit samlande element i landskapsrommet. Lenger oppe i dalen, aust for elva Opo, ligg nokre få tun som vitnar om det gamle bondesamfunnet i Odda.

Strandstaden Odda var rundt 1900 det mest vitja turistmålet i landet. Reisemåla var dei mektige fjella og fossane, som Tyssestrengane og turen til Dalen i Telemark. Av denne travle strandstaden er eit konsentrert bygnings-miljø att ved Brotateigen og traséen til ferdselsvegen til Røldal.

Tidleg på 1900-talet var kraftpotensialet i fjellet og den isfrie hamna perfekte vilkår for bygging av eit heilt industrisamfunn i fjordbotnen. Oppdemming av Tyssovassdraget og kraftstasjonane i Tyssedal gav straum til kraftintensiv industri i Tyssedal og Odda og seinare på Eitrheimsneset. Gjennom store og integrerte strukturar har industrien lagt beslag på mykje av dei sentrale areala i Odda og Tyssedal. Kring industrianlegga er det bygd heile samfunn. Fleire element i industrisamfunna Odda og Tyssedal har nasjonal og internasjonal kulturminneverdi, og høg arkitektonisk verdi. Tveitahaugen i Tyssedal er eit tidlig døme på ein hageby i Noreg. Ringedalsdammen, Tyssedal kraftstasjon og Odda Smelteverk er freda.

Industrisamfunna i Odda og Tyssedal dominerer det heilskaplege inntrykket av det lågareliggjande landskapet. Sjølv om industrisamfunna er nært knytt til naturen og naturressursane i landskapet, er industrilandskapet eit markant element innskote mellom fjorden og dei urørte øvre delane av landskapet der høge fjellsider strekkjer seg mot himmelen. Dei store industrisamfunna her er mellom dei landskapa i landet som er sterkast prega av den andre industrialiseringa.»

Datagrunnlaget for vurdering av kulturminne og – miljø, er mangelfullt, jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland, og med omsyn til potensial for funn av automatisk freda kulturminne vil det bli stilt krav om ei synfaring for å avklare potensialet for konflikt.

Det er Fylkeskonservatoren si vurdering at omsøkt konsesjon ikkje er i strid med føremålet til sjølve kulturlandskapsregistreringa. Vasskraftutbygging har ein lang tradisjon som har verka sterkt inn på landskapet. Gjennom å ta vare på dei viktige elementa med høg kvalitet frå dei ulike periodane sikrar ein industrialiseringa si soge. Fylkeskonservatoren ser at kraftverket kan vise kontinuitet på kraftutnytting i området, men ser at ein må legge vekt på god arkitektur og landskapsbruk.

Friluftsliv- og reiseliv

Reiseliv er ein næring i vekst kor særleg geo- og økoturisme står i fokus og som for Odda kommune, er ein betydeleg bidragsytar til den lokale verdiskapinga, jf. kommunedelplan for energi og vassdrag, Odda kommune. I tillegg har Odda kommune mange mogelegheiter for friluftaktivitetar kor allemannsretten til å kunne bevege oss og bruke naturen fritt, ligg. Eit av måla i den statlege friluftspolitikken er at « ...områder av verdi for friluftslivet skal sikres og forvaltes slik at naturgrunnlaget blir ivaretatt», jf. nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv, 2014-2020.

Odda er ein turistkommune der det om sommarsesongen passerar mange turistar. Reiselivsutbygging i fjellområda er eit satsingsområde for kommunen. Overnattingsstader, formidling og aktivitetar er direkte avhengige av den årlege tilstrøyminga av folk, men og ulike servicefunksjonar i lokalsamfunn dreg positive fordelar av denne trafikken. Omsynet til denne næringa vert viktig i vurderinga av både enkeltvassdrag/-fossar og sumeffekten av mange utbyggingar i eit område, jf. § 10 i naturmangfaldlova. Jf. kommunedelplan for energi og vassdrag, Odda kommune.

I Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland er reiseliv set til å ha *stor* verdi. Det betyr at området er vesentleg for ivaretaking av det norske reiselivsproduktet og nasjonalt viktige reiselivsdestinasjonar kor landskapet eller naturen er ein vesentleg del av attraksjonen. Heile landskapet som er synleg frå fjordane/turistvegane har stor verdi, jf. fig. 5. I tillegg er verdivurderinga av friluftsliv set til *middels* basert på viktige friluftsområde.

EU-Vassdirektiv

Føremålet med vassforskrifta er å «... *gi rammer for fastsettelse av miljømål som skal sikre en mest mulig helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannførekostene (VF)*»⁸, jf. vassforskriftas § 1. I tillegg skal tilstanden (miljømåla) for alle overflatevatn vere *minst god økologisk og god kjemiske tilstand*⁹, jf. vassforskriftas § 4 og § 24.

Tiltaket bør ikkje verdiminka den økologiske og kjemiske statusen i vassførekosten (elva) til dårlegare enn god. Dersom dette viser seg å være tilfellet og tilstanden blir vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Ut frå § 12 i vassforskrifta, skal *all praktisk moglege tiltak settast inn for å avgrense negativ utvikling i vassførekostens tilstand*.

Når det gjeld registrering i nettbasen Vann-Nett, kor Tokaheimselva er representert, *ikkje* riktig inndelt etter de rettleiande kriteria Miljødirektoratet har gjeve om vassførekosten. Per dags dato står vassførekosten som del av eit bekkfelt med ID.nr. 048-13-R med god miljøstatus og påverknad frå landbruk og husdyr. Vassuttaket frå Blåvatn kor Boliden Odda AS tek vatnet aktivt i bruk, ser ikkje ut til å vera registrert i Vann-Nett som ein påverknad. Dette er ein såkalla sterkt modifisert vassforekomst.

Konklusjon

Tiltaket vil først og fremst vera i konflikt med *landskapsverdiane, frilufts- og reiseliv*. Trass for at området allereie er påverka av menneskeleg inngrep, må ein så langt det let seg gjera ivareta omsynet til landskapsbilete og estetikk, jf. Stortingsmelding nr. 29 (1996-1997). Tokheimselva er godt synleg landskapselement og vurdert som «nær truga» naturtype. Vassdraget er allereie rørt med overføring av vatn til Boliden AS. En ytterlegere reduksjon i vassføringa, vil redusera vassføringa slik at det ikkje vil vera høg nok til å ivareta den heilskaplege landskapsopplevinga som elven er ein del av. I samsvar med retningslinene i Fylkesplan for små vasskraftverk i Hordaland, vil difor fylkesrådmannen rå frå konsesjon.

2.2 Verna vassdrag – Opovassdraget

Øvre- og Nedre Seljestad kraftverk er planlagde i vassdrag med vernestatus i Verneplan I (1973). Det kan ikkje opnast for konsesjonsbehandling av vasskraftverk med over 1 MW installert effekt i verna vassdrag med mindre Stortinget gjev samtykke, jf. heimesida til Stortinget. Kraftverka er planlagde med installert effekt på 0,99 MW. For dette effektspennet gjev dei fylkespolitiske retningslinene for småkraft desse overordna rammane (R2):

⁸ Kystvatn, brakkvatn og elvar og innsjøar (ikkje grunnvann)

⁹ I samsvar med klassifiseringa i vedlegg V og miljøkvalitetsstandardane i vedlegg VIII. Stoff nr. 34 til og med stoff nr. 45 i vedlegg VIII del A inngår i vurdering av kjemisk tilstand frå og med 22. desember 2018.

I verna område er verneføresegnene styrande for kva inngrep som vert akseptert. I verna vassdrag kan konsesjon for kraftverk opp til 1MW og opprusting av eksisterande anlegg vurderast om tiltaket ikkje svekker verneverdiane i området.

For søknadsfasen gjev småkraftplanen slike rammer (R11.4):

For tiltak som kan ha influens på område med særskilt vern, må konsesjonssøknaden ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse.




Fig. 9 Oversiktskart over tiltak i delar av det verna Opovassdraget; svart firkant = vasskraftverk, lyseblå firkant = gitt konsesjon, mørkeblå = under utbygging, raud firkant = under konsesjonsbehandling, blå linje = vernegrensa for Opovassdrag, jf. søknadsrapporten.

Verneplan for vassdrag

Verneplan for vassdrag er ein nasjonal verneplan der dei verna vassdraga til saman skal utgjere eit representativt utsnitt av norsk vassdragsnatur. Målet med verneplanen er å sikre heilskaplege nedbørsfelt med deira dynamikk og variasjon frå fjell til fjord. Vernet gjeld i første rekkje mot kraftutbygging, men ein skal også ta omsyn til verneverdiane ved andre inngrep. Det har vore 5 vernerundar. Verneplan I (1973), verneplan II (1980), verneplan III (1986), verneplan IV (1993), samt supplering av verneplan for vassdrag (2005). Grunnlaget for vernet er ei avveging mellom verneverdiar og brukarinteresser der urørt natur, naturvitskap, friluftsliv, landskap, vilt/fisk, kulturminne, vasskvalitet og reindrift/landbruk er vurdert.

Vernevedtaka inneber at det i utgangspunktet ikkje kan gjevast løyve (konsesjon) til kraftutbygging. All kraftutbygging i verna vassdrag er meldepliktig etter vassressurslova, og NVE skal vurdere alle planar for utbygging i høve til konsesjonsplikta. Det er opna for å kunne gje løyve til opprusting av kraftverk som ligg i verna vassdrag. I samband med Stortinget sitt vedtak om Supplering av verneplan for vassdrag i 2005, vart det og opna for konsesjonshandsaming av kraftverk inntil 1 MW installert effekt, under føresetnad av at det ikkje svekkjer verneverdiane i vassdraga.

I forvaltninga av verna vassdrag har ein to særskilde verkemiddel:

- Inngrep og tiltak i vassdrag vert regulert av vassressurslova, med eigne føresegner for verna vassdrag.
- Arealbruk i og langs vassdrag vert styrt gjennom arealplanlegging etter plan- og bygningslova.



Fig. 10 Verna vassdrag i Hordaland, jf. Fylkesdelplan for små vassdrag i Hordaland.

Rikspolitiske retningslinjer

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag gjev generell rettleiing for planlegginga i verna vassdrag. Her heiter det i pkt. 3:

Nasjonale mål for forvaltning av vernede vassdrag

De nasjonale mål for forvaltningen av de vernede vassdrag er gitt ved Stortingets behandling av verneplanene for vassdrag, bl.a. i Innst.S. nr. 10 (1980-81).

For å oppnå målene, må det særlig legges vekt på å gi grunnlag for å:

- unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminner og kulturmiljø,
- sikre referanseverdien i de mest urørte vassdragene,

- c. sikre og utvikle friluftslivsverdien, særlig i områder nær befolkningskonsentrasjoner,
- d. sikre verdien knyttet til forekomster/områder i de vernede vassdragenes nedbørfelt som det er faglig dokumentert at har betydning for vassdragets verneverdi,
- e. sikre de vassdragsnære områdenes verdi for landbruk og reindrift mot nedbygging der disse interessene var en del av grunnlaget for vernevedtaket.

For oppfølgingsansvaret er det i pkt. 5 gitt slike føringer:

Ansvar for oppfølging

Ansvaret for å følge opp disse retningslinjene i forhold til planmyndighetene i kommunene og fylkeskommunene tillegges følgende instanser:

a. Miljøverndepartementet har overordnet ansvar for generell veiledning, utvikling og oppfølging i forhold til disse retningslinjene. Ansvar skal utøves i nært samarbeid med andre berørte departementer.

b. Miljøverndepartementets og Nærings- og energidepartementets underliggende etater vil:

- sørge for å øke kunnskapsnivået om verneverdiene tilknyttet de vernede vassdrag,
- utarbeide informasjon om effekter av inngrep i og ved vassdrag.

c. Fylkesmannen, fylkeskommunen, samisk kulturminnevern og statlige fagmyndigheter har ansvar for å gi opplysninger om verneverdier tilknyttet de vernede vassdragene og å se til at kommunene følger opp disse retningslinjene.

Statlige fagmyndigheter har ansvar for å tillempe retningslinjene i sin øvrige forvaltningsvirksomhet så langt mulig.

Ansvar for oppfølging vert i retningslina presisert slik:

Det overordnede ansvaret for forvaltningen av de vernede vassdragene er i henhold til gjeldende lovgivning delt mellom Miljøverndepartementet og Nærings- og energidepartementet.

Kunnskapen om verneverdiene i de vernede vassdragene er svært forskjellig, og det er nødvendig for enkelte vassdrags vedkommende å utføre undersøkelser på ulike fagfelt. Ansvar for å øke kunnskapsnivået og for framdriften i dette arbeidet tillegges Direktoratet for naturforvaltning, Norges vassdrags- og energiverk og Riksantikvaren.

De samme etatene har også ansvar for å utarbeide informasjonsmateriell som beskriver hvilke skader som kan påføres vassdrag og deres nærområder ved ulike former for inngrep. Dette vil bidra til at disposisjoner blir foretatt på et reelt og mer helhetlig grunnlag.

Vernegrunnlaget for Opovassdraget

NVE sine nettsider beskriv med stikkord vernegrunnlaget slik:

Urørthet. Vassdraget er en viktig del av et attraktivt og kontrastrikt landskap. Største delen av vassdraget ligger på høyfjellet, der elver og vann er viktige deler av landskapet. Fra kanten av platået faller elvene i kraftige fosser bratt ned i dalbunnen og videre til fjorden. Stort naturmangfold. I dag ligger store deler av fjellområdet i nasjonalpark. Friluftsliv er viktig bruk.

A. Øvre Seljestadelva kraftverk

Innleiing

Småkraftverket ønskjer å utnytta vassfallet i Seljestadelva i Odda kommune og søker om løyve til bygging av Øvre Seljestadelva kraftverk. Tiltaket er lokalisert om lag 15 km i luftlinje sør for tettstaden Odda, og i same dalgong som denne. Nærare bestemt ligg prosjektområdet ved Skare, nær krysset mellom E13 og E134.



Fig. 11 Plassering av Øvre- og Nedre Seljestadelva (ringa inn), jf. søknadsrapporten.

Prosjektskildring

Øvre Seljestad kraftverk vil utnytte eit fall på 75 m i Seljestadelva frå inntaket på kote 465 til kraftstasjonen på kote 390. Vassvegen vil vera 570 m i nedgrave rørgate. Det vil bli bygd ein lav betongplatedam på om lag 2-3 m høgde og med fritt overlaup. I bakkant av dam gravast/skytast ein kulp. Lengda på dammen er tenkt om lag 20 m. Det skal byggjast ein permanent framkomstveg på rundt 50 m til kraftstasjonen og rundt 50 m permanent veg til inntaket. Breddene på vegane blir 3 m. Middelvassføringa er 7,2 m³/s og kraftverket er planlagt med ein maksimal slukeevne på 1,686 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,99 MW og gi ein årleg produksjon på 6,7 GWh. Utbygginga vil føre til ein reduksjon av vassføringa på omtrent ein 620 m lang strekning av Seljestadelva. Det er planlagt slipp av minstevassføring på 1035 l/s i perioden 1.5-30.9 og 478 l/s resten av året. Dette er på nivå med dei berekna 5-persentilane, jf. fig. 12.

Frå kraftstasjonen leggst ein 180 m lang jordkabel (TSLF 150) med spenning 22 kV, fram til eksisterande nett.

Utbyggingsprisen er sett til 3,6 kr/kWh.




Fig. 12 Teknisk plan for Øvre Seljestadelva kraftverk, jf. søknadsrapporten vedlegg 6.

Verknad for natur og samfunn

Konsekvensvurderingane er gjort av Ecofact frå 2010 med oppdatering i 2016.

Landskap

I tiltaksområdet er dalen trong. Dei bratte lisdene strekker seg opp til 700 -1000 moh. Dalsidene er stort sett skogkledde dalsider, men betydelege areal er prega av brattberg. Landskapet i det visuelle influensområdet for tiltaket er prega av bratte dalsider, djupe elvejuv og ein del fossar, jf. fig. 13 og 14.



Fig. 13 (vestre) og 14 (høyre) Foss nedstraums planlagt inntak

og nedre del av rørt elvestrekning, jf. søknadsrapporten.

Ifølge søker vil den visuelle påverknaden av utbygginga ikkje vera spesielt inntrykkssterk, og det er allereie ein del som er røre ved inngrep i området. Influensområdet for landskap vurderast av søker å ha *liten til middels* verdi.

Søker meiner at inngrepa ikkje er av eit slikt omfang at dei vil endra det totala inngrepsregimet i området og at dei visuelle tiltaka i stor grad skjermast frå naturlege betrakningspunktar. Søker meiner òg at vassføringsendringane ikkje vil vera av eit slikt omfang at dei blir særleg merkbare i landskapet.

Tiltaket vil ikkje redusere arealet inngrepsfrie områdar.

Samla vurderast tiltaket for å ha *lite negativt* verknadsomfang og *liten negativ konsekvens* på landskapsbilete og landskapskvalitetar.

Biologisk mangfald og fisk

I følgje søker, vart det ikkje gjort funn av raudlista artar og det ligg heller ikkje føre opplysningar om slike førekomstar. I tillegg meine søker at vassføringa kjemt til å bli forholdsvis lite redusert og fuktregimet i kløfta forventast difor å bli lite forandra. Søker meiner òg at det tekniske inngrepet ikkje kjem til å røre ved viktige naturtypar eller sjeldne artar og at tiltaket ikkje forventast å svekke eller bryte viktige økologiske samanhengar. Artsmangfald eller førekomst av artar forventast å bli *lite* påverka.

Mesteparten av tiltaksområdet ligg i ei markert bekkekløft (naturtypen F09, med lokal verdi), som stadvis er særst djup og omgitt av bratte lisider. Øvst i bekkekløfta er det eit område som er påverka av fossesprøyt. Fosseberg er ein raudlista naturtype som er nær truga (NT). Ut frå vegetasjon og fossebergets karakter vurderast det ikkje som særleg verdifullt og potensialet for førekomst av sjeldne eller raudlista artar vurderast som lavt.

Det vurderast at tiltaket kjem til å føre til *lite negativt* omfang med *liten negativ* konsekvens for naturtypen bekkekløft og terrestrisk miljø, jf. fig. 15.




Fig. 15 Skravert område viser avgrensning av naturtypene bekkekløft og fosseberg i influensområdet for utbygginga (raud sirkel = inntakspunkt, raud firkant = kraftsstasjon)

Det er ikkje anadrom fisk i influensområdet og søker hevdar at det heller ikkje finst andre kjende viktige verdiar for ferskvatnsorganismar. Det akvatiske miljøet i området, gis *liten verdi*.

Søker opplyser om at det ikkje vart gjort observasjonar eller gjeve opplysningar, som indikerer at området er viktig for sjeldne eller raudlista artar. Tiltaks- og influensområdet vurderast difor til å ha *liten verdi* for fugl og pattedyr.

I kommunedelplanen for Odda 2007-2017, er tiltaksområdet definert som klasse 2;

Beskriving:

Vassdragsbelter med moderate inngrep i selve vannstrengen, og hvor nærområdene består av utmark, skogbruksområder og jordbruksområder med spredt bebyggelse.

Forvaltning:

Hovedtrekkene i landskapet må søkes opprettholdt. Inngrep som endrer forholdene i kantvegetasjonen langs vannstrengen og i de områder som oppfattes som en del av vassdragsnaturen, bør unngås. Inngrep som enkeltvis eller i sum medfører endringer av en viss betydning i selve vannstrengen, bør unngås. Leveområder for truede plante- og dyrearter og mindre områder med verneverdier bør gis særlig beskyttelse.

Kulturminne

Det er ikkje dokumentert automatisk freda eller andre viktige eldre kulturminne i tiltaksområdet. Det nærmast viktige kulturminnet vart eit seteranlegg på vestsida av E134, om lag 2 km frå tiltaksområdet. Utsikten hotell, som ligg på høgda aust for tiltaksområdet, er definert som eit SEFRAK-bygg¹⁰. Hotelldrifta er nå nedlagt, og hotellet brukast som leirstad av ein interesseorganisasjon.

Søker har vurdert tiltaket til å ha *lite negativ* verknad og konsekvens for kulturminna og –miljø.

¹⁰ Ein bygning som er frå perioden før år 1900

Samfunns- og brukarinteresser

I følge søker vil tiltaket i liten grad røyre ved friluftslivet i området, men likevel ligg den øvre delen av tiltaksområdet nærme eit lite hyttefelt (rundt 20 hyttar), som ligg nedanfor eit større hyttefelt ved Seljestad. Samtidig meiner søker at tiltaksområda ikkje er naturlege utfartsområde for brukara av desse hyttane, men vurderast som ein del av opplevingsområdet for spesielt brukarane av det nedre hyttefeltet. Elvejuvet er såleis eit sentralt element for det aktuelle området.

Samla sett vurderast tiltaket å ha *lite negativt* verknadsomfang og *liten negativ* konsekvens i forhold til friluftsliv og ferdsel.

Tabell. 3 Samla vurdering, jf. søknad

Tema	Konsekvens	Vurdering
Raudlista artar	Ubetydelig	Det ble ikke registrert forekomster av rødlistede arter.
Terrestrisk miljø	Ubetydelig	Det planlagte slippet av minstevannføring kombinert med turbinens begrensede slukeevne vil til sammen bidra til å opprettholde en vannføring som langt på vei vil sikre de biologiske verdiene.
Akvatisk miljø	Liten negativ	
Verneplan for vassdrag	Liten negativ	Virkningsomfanget for det helhetlige elvemiljøet og tilgrensende landskap vurderes som lite negativt. Tiltaket vil imidlertid komme i konflikt med de kommunale bestemmelsene som sier at det ikke er lov å utføre inngrep som medfører endring i selve vannstrengen. Samtidig har kommunen vedtatt at det verdiene i aktuelle områder skal legges til grunn for en vurdering av tiltak langs vassdraget.
Landskap og INON	Liten negativ	Tiltakene vil i stor grad skjermes fra naturlige betraktningpunkter. Tiltaket vil ikke påvirke INONområder
Kulturminner og kulturmiljø	Liten negativ	Ingen kulturminner vil bli direkte berørt, og kulturminner som ligger i influensområdet vil i liten grad bli visuelt påvirket.
Bruksinteresser	Liten negativ	De viktigste friluftsområdene ligger oppstrøms påvirket elvestrekning, øvrige områder med brukerinteresser ligger skjermet i forhold til elva
OPPSUMMERING	LITEN NEGATIV	

Fylkesrådmannen si vurdering

Landskap

Vernegrunnlaget for Opovassdraget er at det er urørt og at området i stor grad brukast til friluftsliv, jf. pkt. 2.2. Vassdraget er i dag ikkje vidare påverka av kraftutbygging. Ei kraftutbygging i området, vil bryte med dette regimet.

Søker meiner at inngrepa ikkje er av eit slikt omfang at dei vil endra det totala inngrepsregimet i området og at dei visuelle tiltaka i stor grad skjermast frå naturlege betraktningpunktar. Søker meiner òg at vassføringsendringane ikkje vil vera av eit slikt omfang at dei blir særleg merkbare i landskapet. Dette er svært vanskeleg å vurdere utan synfaring, da visualiseringa av landskapsinngrepa ikkje vart godt nok dokumenterte i søknaden.

I søknaden vart det og nemnt at landskapet i det visuelle influensområdet for tiltaket er prega av bratte dalsider, djupe elvejuv og ein del fossar, men ingen av desse naturelementa er markert på kart eller vart tydeleggjort på annan måte. Det er heller ikkje gjort nokon verdivurderingar av desse , anna enn for bekkekløfta.

Biologisk mangfald

Søker opplyser om at det ikkje vart gjort observasjonar eller gjeve opplysningar, som indikerer at området er viktig for sjeldne eller raudlista artar. Samstundes seiast det i søknaden at da undersøkinga vartgjort i september var det ikkje mogleg å få eit oversyn over fuglefaunaen i området. Det er ikkje mogleg å få en fullstendig oversikt over alle artar i eit område, men å legge kartlegginga til ein periode kor sannsynlegheita for å observere spesielt viktige artar, kan og burde utførast. Det kan difor ikkje utelukkast at det kan eksistere verdifulle førekomstar av biologisk mangfald som ikkje er registrert.

Kulturminne

Det er Fylkeskonservatoren si vurdering at omsøkt konsesjon ikkje er i strid med føremålet til sjølve kulturlandskapsregistreringa. Vasskraftutbygging har ein lang tradisjon som har verka sterkt inn på landskapet. Gjennom å ta vare på dei viktige elementa med høg kvalitet frå dei ulike periodane sikrar ein industrialiseringa si søge. Fylkeskonservatoren ser at kraftverket kan vise kontinuitet på kraftutnytting i området, men ser at ein må legge vekt på god arkitektur og landskapsbruk.

Verknad for natur og samfunn

Tiltakets influensområde vil ligge svært nær Dyrskardheii friluftsområde, som er rett vest for E134. Dette er eit stort turområde utan tilrettelegging og med svært viktige verdiar som mellom anna opplevingskvalitetar. Området brukast også av ikkje-lokale, jf. naturbase. Sjå óg Fig. 16 og 17. Dette indikerer mellom anna at det er turisme og friluftaktivitetar bunde til nærområdet.





Fig. 16 og 17 Dyrskardheii friluftsområdet (venstre bildet, markert med raudt) og influensområdet (høgre, markert med blått)

A. Nedre Seljestadelva kraftverk

Vurderinga av Nedre Seljestadelva kraftverk, er svært lik Øvre Seljestad kraftverk.

Innleiing

Beskrivinga er lik Øvre Seljestad kraftverk, jf. punkt 2.2 A.

Prosjektskildring

Nedre Seljestad kraftverk til utnytte et fall på 95 m i Seljestadelva fra inntaket på 365 moh. Til kraftstasjonen på 270 moh. Vannveien vil være 690 m nedgravd rørgate. Middelvannføringen er 7,3 m³/s og kraftverket er planlagt med en maksimal slukeevne på 1,231 m³/s. Kraftverket vil ha en installert effekt på 0,99 MW og gi en årlig produksjon på 6,1 GWh. Utbyggingen vil føre til en redusert vannføring på omtrent 880 m lang strekning av Seljestadelva. Det er planlagt slipp av minstevannføring på 1049 l/s i perioden 1.05-30.9 og 484 l/s resten av året. Dette er på nivå med de beregnede 5-persentilene.

Frå kraftstasjonen leggst ein 400 m lang jordkabel (TSLF 150) med spenning 22 kV, fram til eksisterande nett.

Utbyggingsprisen er sett til 4,05 kr/kWh.




Fig. 18 Teknisk plan for Nedre Seljestadelva kraftverk, jf. søknadsrapporten fig. 2.3 .

Verknad for natur og samfunn

Konsekvensvurderingane er gjort av Ecofact fra 2010 med oppdatering i 2016.

Landskap

Beskrivinga er lik Øvre Seljestad kraftverk.



Fig.19 (vestre) og **20** (høyre) Elva like nedanfor planlagd inntak og bergvegg påverka av fossesprøyt, jf. søknadsrapporten.

Ifølge søkjer vil den visuelle påverknaden av utbygginga ikkje vera spesielt inntrykkssterkt, og det er allereie ein del som er røre ved inngrep på området. Influensområdet for landskap vurderast av søkjer å ha *liten til middels* verdi.

Søkjer meiner at inngrepa ikkje er av eit slikt omfang at dei vil endra det totala inngrepsregimet i området og at det visuelle tiltaka i stor grad skjermast frå naturlige betraktningpunkt. Søkjer meiner òg at vassføringsendringane ikkje vil vera av eit slikt omfang at dei blir særleg merkbare i landskapet.

Tiltaket vil ikkje redusere arealet inngrepsfrie områder.

Samla vurderast tiltaket for å ha *lite negativt* verknadsomfang og *liten negativ konsekvens* på landskapsbilete og landskapskvalitetar.

Biologisk mangfald og fisk

Øvre del av tiltaksområdet ligg i ein markert bekkekløft, som stedvis er meget dyp og omgitt av bratte lisider. Nokon stader stuper omtrent loddrette bergveggar rett ned i elva. Det er ikkje funne nokon raudlista artar i bekkekløfta. Samla sett vurderast bekkekløfta til å vera lokalt(-regionalt) viktig og gjevast liten til middels verdi.

Det finst og fleire fossefall som ligge på rad slik at elva renn i trappetrinn nedover. Ved mange av fossefalla vert det danna fossesprut, noe som bergveggar og tilgrensande vegetasjon ber tydeleg preg av. Vegetasjonen i overkant av bergveggane kan på noen stader karakteriserast som fosse-eng, som er ein trua (VU) vegetasjonstype. I fossesprøytsona finst relativt små, men godt utvikla, førekomstar av den noe trua vegetasjonstypen fosse-eng (moserik type).

Ifølge søkjer, vart det ikkje gjort funn av raudlista artar og at det heller ikkje ligg føre opplysningar om slike førekomstar. I tillegg meine søkjer at vassføringa kjemt til å bli forholdsvis lite redusert og fuktighetsregimet i kløfta forventast difor å bli lite forandra. Søkjer meiner òg at det tekniske inngrepet ikkje kjemt til å røre ved viktige naturtypar eller sjeldne artar og at tiltaket forventast ikkje å svekke eller bryte viktige økologiske samanhengar. Artsmangfald eller førekomst av artar forventast å bli *lite* påverka.

Det vurderast at tiltaket kjem til å føre til *lite negativt* omfang med *liten negativ* konsekvens for naturtypen bekkekløft og terrestrisk miljø, jf. fig. 21.




Fig. 21 Plasseringa av registrerte naturtyper i influensområdet for utbygginga. Raudt punkt indikerer lokalisering av inntak og raud firkant lokalisering av kraftstasjon. Bekkekløfta held fram 700-800 meter mot sør.

Det er ikkje anadrom fisk i influensområdet og søker hevdar at det heller ikkje finnast andre kjend viktige verdiar for organismar i ferskvatn. Det akvatiske miljøet i området, gis *liten verdi*.

Søker opplyser om at det ikkje vart gjort observasjonar eller gjeve opplysningar, som indikerer at området er viktig for sjeldne eller raudlista artar. Tiltaks- og influensområdet vurderast difor til å ha *liten verdi* for fugl og pattedyr.

I kommunedelplanen for Odda 2007-2017, er tiltaksområdet definert som klasse 2; jf. sjå kommentar under Øvre Seljestad kraftverk

Kulturminne

I tiltaksområdet som ligg på gard nummer 37 Jøsendal er det ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller informasjon om slike i våre arkiv. Slik tiltaket er vist på kart i konsesjonssøknaden vil røyr gata krysse gamlevegen til Skare ved p400. Dette er eit lokalt verneverdig kulturminne. Det er difor viktig at anlegget finn løysingar som ikkje skjemma eller skadar dette anlegget.

Søker har vurdert tiltaket til å ha *lite negativt* verknad og konsekvens for kulturminna og –miljø.

Samfunns- og brukarinteressar

Friluftslivet i influensområdet er lokalt forankra. Det er en del fast bosetning, blant annet et byggefelt, ved Skare som ligger nær opptil tiltaksområda. Ein tursti som går fra boligfeltet og over til Jøse dal, skal vera ein del benytta (Rolf Bøen, pers. medd.). Det er ingen DNT stiar som går innanfor influensområdet til utbygginga.

Samla vurderast tiltaket å ha *liten negativ* konsekvens i forhold til friluftsliv og ferdtsel.

Tabell. 4 Samla vurdering, jf. søknad

Tema	Konsekvens	Vurdering
Raudlista artar	Ubetydelig	Det ble ikke registrert forekomster av rødlistede arter.
Terrestrisk miljø	Ubetydelig	Det planlagte slippet av minstevannføring kombinert med turbinens begrensede slukeevne vil til sammen bidra til å opprettholde en vannføring som langt på vei vil sikre de biologiske verdiene.
Akvatisk miljø	Liten negativ	
Verneplan for vassdrag	Liten negativ	Virkningsomfanget for det helhetlige elvemiljøet og tilgrensede landskap vurderes som lite negativt. Tiltaket vil imidlertid komme i konflikt med de kommunale bestemmelsene som sier at det ikke er lov å utføre inngrep som medfører endring i selve vannstrengen. Samtidig har kommunen vedtatt at det verdiene i aktuelle områder skal legges til grunn for en vurdering av tiltak langs vassdraget.
Landskap og INON	Liten negativ	Tiltakene vil i stor grad skjermes fra naturlige betrakningspunkter. Tiltaket vil ikke påvirke INON-områder
Kulturminner og kulturmiljø	Liten negativ	Ingen kulturminner vil bli direkte berørt, og kulturminner som ligger i influensområdet vil i liten grad bli visuelt påvirket.
Bruksinteresser	Liten negativ	Tiltaket vil ikke forringe opplevelseskvalitetene langs lokale turstier.
OPPSUMMERING	LITEN NEGATIV	

Fylkesrådmannen si vurdering

Jf. sjå merknadar for Øvre Seljestadselva kraftverk.

Konklusjon

Konfliktar i samband med utbygging av Øvre- og Nedre Seljestadelva kraftverk er knytt til manglande dokumentasjon og visualisering av landskapsvurderinga. Når dette ikkje er godt nok kartlagt, meiner fylkesrådmannen det er vanskeleg å konkludera med at konsekvensen av tiltaket har liten negativ konsekvens, slik søkjer har kome fram til. I tillegg er den biologiske kartlegginga og verdivurderinga noko mangelfull. Ettersom vurderinga av konsekvens bygger på vurderingane av verdi og omfang, vil utfallet av konsekvensen også koma feil ut.

Til trass for at dei biologiske vurderingane i søknaden ikkje blei vurdert til å være meir enn ubetydeleg eller liten negativ konsekvens, er det viktig å gjera oppmerksom på at vernet ikkje er avhengig av dei biologiske verdiane. Den primære målsettinga for vern av områder som Opoassdraget, er bevaring av grunnlaget for eit aktivt friluftsliv utan nemneverdig skade på natur- og kulturminneverdiar utan at det trenger å vera spesielle botaniske, zoologiske, geologiske eller kulturhistoriske førekomstar i eller ved vassstrengen eller andre stadar i nedbørsfeltet. Det same gjeld og for landskap og friluftsliv.

Opoassdraget er eit av få vassdrag i området som ikkje er påverka av vasskraftutbygging, og av den grunn kan brukast som referanseområde, noko som kan ha stor verdi i både forskings- og undervisningsøyemed.

Basert på punkta over og manglande kunnskapsgrunnlag og dokumentasjon, jf. § 8 i naturmangfaldlova og verneforskrifta for Opovassdraget, og Fylkesdelplan for små vasskraft i Hordaland, rår fylkesrådmannen frå konsesjon til Øvre Seljestad kraftverk.